



Rv13 i Ullensvang herad, utbetringstiltak
UTGREIINGSPROGRAM

Fastsett av Ullensvang herad 23.09.2002



FORORD

Melding om konsekvensutgreiing ved utbetringstiltak langs Rv13 i Ullensvang herad vart godkjend i Ullensvang herad 23.09.2002. Meldinga har vært førelagt Miljøverndepartementet og deira kommentarar er innarbeidd i utgreiingsprogrammet.

Sakshandsamar i Ullensvang herad er John Ove Rørnes, og sakshandsamar i Statens vegvesen er Tone Høyland Stople.

Bergen 18.08.2006
Statens vegvesen Region Vest

Fastsett utgreiingsprogram.

Generelt

I brev av 1.sept.1998 gir Miljøverndepartementet pålegg om konsekvensutgreiing for tiltak på Rv13 i Ullensvang herad. Ein viser til plan og bygningslova (PBL) § 33-2, 4. ledd. Konsekvensutgreiinga er ikkje knytt til formelle planer for tiltak.

Bakgrunn for krav om konsekvensutgreiing er Hardanger sitt unike natur- og kulturlandskap. Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren vurderer fjordlandskapet i Hardanger som eit av dei høgast verdsette landskapa vi har i Noreg.

I dette landskapet er det sterke ønskjer om å utbetre dagens riksveg. Vegen har i dag skiftande og til dels svært dårleg standard. Dette vert opplevd som utrygt både for køyrande og gåande. Det er ønskje om å bygge ny veg/utbetre vegen til jamn og god standard for å betre transportfunksjon og tryggleik

På bakgrunn av dette skal det etter reglene i PBL kap VII a og tilhørande forskrift om konsekvensutgreiing av 13. desember 1996, lagast ei konsekvensutgreiing.

Etter at melding og utgreiingsprogram var ute på høyring er det kome nye reglar om konsekvensutgreiing. 1.april 2005 vart det fastsett ny forskrift om konsekvensutgreiing. Sida denne saka vart starta etter de gamle forskriftene så vil vi fullføre utgreiinga etter reglane som gjaldt før 1.april 2005.

Generelt om utgreiinga og arbeidet med denne.

Konsekvensutgreiinga skal sikre at det i den vidare planlegginga av Rv13 gjennom Ullensvang herad vert funne løysingar som tek vare på omsynet til kultur- og naturverdiar, samfunn og næringsliv. Gjennom konsekvensutgreiinga skal ein registrere og vurdere verdien av kvalitetar i området. Ein skal synleggjere konflikhtar ved utbetring av vegen. Ut frå dette skal konsekvensutgreiinga gje premisser for vidare planlegging og utbygging.

Utgreiinga skal i første rekkje synleggjere kva konsekvensar vegutbetring vil ha for landskapet (inkl. natur- og kulturkvalitetar). Utgreiinga må og sjå på konsekvensane for vegen sin transportfunksjon.

Konsekvensane ved bygging av vedtekne reguleringsplanar skal og utgreiast. Denne utgreiinga vil fungere som miljømessig kvalitetssikring av planane. (Eit ledd i vegkontoret si interne kvalitetssikring.)

Utgreiingsmetode og utbetringstiltak

Ein skal ta utgangspunkt i metodikken frå handbok 140. Men av di det ikkje skal lagast formelle utbyggingsplanar, berre drøfte utbetringstiltak, må det gjerast ein del tilpassingar i denne utgreiinga. Den største forskjellen er gjerne at "alternativa" er bytta ut med utbetringstiltak langs strekninga.

I korte trekk kan metoden oppsummerast slik:

- 1 Registrering.
- 2 Analyse av verdi og sårbarhet.
- 3 Fastsette utbetringstiltak
- 4 Vurdere omfang av tiltaka.
- 5 Skildre konsekvensar for miljøtema, samfunnstema og trafikktema.
- 6 Drøfte avbøtande tiltak og alternative løysingar.

Viktige miljøtema i denne konsekvensutgreiinga er naturmiljø, kulturminne / kulturmiljø / kulturlandskap, landskapsbilete og nærmiljø. Viktige trafikktema er transportstandard, trafikktryggleik og reisetid. Samfunnstema som kan verta påverka er lokalt utbyggingsmønster, næringsliv og folketalsutvikling.

For å kunne skildre konsekvensane av eit utbetringstiltak må omfanget av tiltaket skildrast. Dette vil vi gjere ved å teikne ei skisse til vegutbetring på dei strekningane der det i dag ikkje ligg føre vegplanar.

Alternativ som skal utgreiast

Alternativ 0

Dette alternativet skal være samanlikningsgrunnlag for eit framtidig vegsystem. 0-alternativet skal vere ei skildring og analyse av korleis forholda på og langs eksisterande veg vil utvikle seg dersom prosjektet ikkje vert gjennomført. 0-alternativet nyttast som referanse når effektar og konsekvensar av utbetringstiltaket skal vurderast og settast saman.

Skisse til vegutbetring

Det skal lagast ei skisse til utbetringstiltak for heile strekninga Rv13 i Ullensvang. Ei drøfting av ulike standardar/vegnormalane sine krav skal vere grunnlag for val av vegutforming (bredde, kurvatur m.m.). Forslaget til utbetningsplan skal utnytte fleksibiliteten i vegnormalane, det kan og vera trong for å søke fråvik frå normalane. Vegskissa skal vise eit utbetringstiltak som tek mest mogleg omsyn til miljøkvalitetar samstundes med at den tek vare på omsynet til trafikktryggleik.

Utvalde strekningar; konsekvensar av ulike standardval

Det skal veljast nokre strekningar der ein skal vise konsekvensar av ulike vegstandardar, også utforming som avviker frå vegnormalane. Det må gå fram kva dette vil krevje av særskilt godkjenning. Val av strekning og vegstandard skal gjerast i samråd med referansegruppa.

Tilhøve til andre planer

I november 1995 blei det laga ei vegutgreiing for Rv13 Rogaland grense - Sogn og Fjordane grense. Denne utgreiinga gjev ei oversikt over vegstandarden på strekninga. Ei utgreiing av behov for gang/sykkelveg i Hordaland blei ferdig i april 1997. I 1995 vart det laga ein plan for prioritering av rassikringstiltak. (Eitt av dei prioriterte sikringstiltaka er bygd, Fresvikberget tunnel som vart opna i 1999.)

Godkjende reguleringsplanar blir ikkje sette ut av kraft av vedtaket om konsekvensutgreiing. Som eit ledd i vegkontoret si miljømessige kvalitetssikring, vil godkjende reguleringsplanar for vegutbetring bli vurdert opp mot ny kunnskap/nye vurderingar som måtte kome fram i konsekvensutgreiingsarbeidet. (Pålegget om konsekvensutgreiing kjem ikkje til hinder for vedtak på delstrekninga mellom Espe og Hovland.)

Denne konsekvensutgreiinga skal dekke utgreiingsbehovet for kommunedelplanen Bjotveit – Ringøy – Tveisme.

Konsekvensar ved bygging av Hardangerbru og tilførselsveg til denne er ikkje del av denne utgreiinga.

Deler av strekninga inngår i Turistveg Hardanger. Etter eit prøveprosjekt vil no turistvegen bli ført vidare og inngå som ein av fleire nasjonale turistvegar i Noreg. Konsekvensutgreiinga skal omtale i kva grad turistvegstatus legg føringar for val av vegstandard.

Organisering av utgreiingsarbeidet

Statens vegvesen Region Vest er tiltakshavar og har ansvar for utarbeiding av konsekvensutgreiinga. Ullensvang herad er planmyndigheit og ansvarleg myndigheit.

Utgreiingsarbeidet vert utført av ei plangruppe med planleggjare frå Statens vegvesen og Ullensvang herad. Med i planprosessen er det ei referansegruppe som består av representantar frå Fylkesmannen (miljøvernavd. og landbruksavd.), Hordaland fylkeskommune (kulturseksjonen og planseksjonen), Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren, Statens vegvesen og Ullensvang herad.

Etat	Rolle	Ansvar
Statens vegvesen Region Vest	Tiltakshaver	Utgreiingsansvarlig. Utarbeide melding med forslag til utgreiingsprogram. Utarbeide konsekvensutgreiing.
Ullensvang herad	Planmyndigheit Ansvarleg myndigheit	Godkjenne utgreiingsprogrammet (etter høyring i MD). Godkjenne KU.

Konsekvensar

Influensområdet skal definerast for kvart tema. Arbeidet skal ta utgangspunkt i Statens vegvesen si "Håndbok 140 Konsekvensanalyser", men med dei tilpassingar som trengs for å handtere ei konsekvensutgreiing utan parallell formell vegplanlegging.

Utan konkret vegplanlegging vil det ikkje vere noen fullgod oversikt over masseoverskot / underskot. I konsekvensutgreiinga skal det likevel gjerast greie for prinsipp for handtering av ev. masseoverskot/underskot.

Avbøtande tiltak skal vere med i vurderinga og inkluderast i konsekvensutgreiinga.

Prissette konsekvensar.

Etter Vegvesenet si "Håndbok 140" om konsekvensanalyser skal det utgreiast både prissette og ikkje-prissette konsekvensar. Denne konsekvensutgreiinga legg vekt på å utgreie dei ikkje-prissette konsekvensane. Det skal ikkje lagast nyttekostnadsanalyser for utbetringstiltaket, men utgreiinga skal vise endringar i ulykkesrisiko og reisetid. På grunn av lita trafikkmengd(ÅDT <1500) er heller ikkje miljøkostnader knytt til støy, støv og luftforureining tema i denne konsekvensutgreiinga.

Ikkje-prissette konsekvensar.

Ikkje-prissette konsekvensar omfattar miljø- og samfunnsmessige konsekvensar. Etter metoden i "Håndbok 140" blir konsekvensane av inngrepet fastsett på grunnlag av ei fagleg vurdering av verdier i området og tiltaket sitt omfang.

Konsekvensar for miljø

Nærmiljø

Nærmiljøfunksjonar skal registrerast og samanhengar i nærmiljøet skal kartleggjast. Endringar i tryggleik, ulykkesrisiko og verknader for tilgjenge mellom bustadområder, tenestetilbod og rekreasjonsområder skal skildrast. Det skal vurderast om kvaliteten i nærmiljøet vert påverka som følgje av endra standard på vegen.

Det er fleire einskilde faktorar som kvar for seg kan vere omtala i andre punkt, men som til saman utgjer den samla verknaden for nærmiljø. Derfor skal faktorar som visuelle inngrep, barriereverknad, støy, ulykkesrisiko og redusert kvalitet på rekreasjonsområde vurderast samla i eit nærmiljøperspektiv.

Friluftsliv

Område som er viktige for rekreasjon og friluftsliv skal kartleggjast. Der utbeta veg, eller ny veg, kjem i konflikt med friluftslivet sine interesser, skal konfliktnivået skildrast.

Naturmiljø

I 1999 vart naturtypar registrert etter DN sine retningsliner. Alle kjende registreringar er samla, kartfesta og omtala i ein rapport. Det er trong for å supplere desse opplysningane

med registrering av naturtypar langs Rv13. Dette for å sjå om det finst fleire verdifulle førekomstar langs vegen. Summen av registreringar og verdisetting skal vera grunnlag for vurdering av verdiar og sårbarhet i naturmiljøet (biologisk mangfald).

Kulturminne og kulturmiljø

Historiske utviklingstrekk i planområdet skal skildrast. Alle automatisk freda fornminne skal registrerast og kartfestas. I tillegg skal det lagast ei fagleg grunngeven prognose som viser potensiale for nye funn. Nyare tid sine kulturminne/kulturmiljø skal registrerast og kartfestas. Ein skal vurdere og grunngeve verdien til automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, uavhengig av juridisk status. Det skal og gjerast greie for kulturminna si vernestatus (freda, regulert til spesialområde bevaring etc.)

Kulturlandskapet skal registrerast og kartfestas, og verdiane i kulturlandskapet skal utgreiast. Vegelement/vegminne av kulturhistorisk verdi skal og registrerast og kartfestas.

Kulturminna kan inngå i kulturmiljø. Ein skal skildre og grunngeve korleis kulturminna inngår i kulturmiljøa. Kulturmiljøa skal kartfestas og verdsettast på same vis som dei andre kulturminna og ein skal sette ein sams verdi på kulturmiljøet.

Landskapsbilete

Visuelle verdiar i landskapet skal registrerast og kartfestas. Strekinga skal delast inn i mindre område, landskapsrom. Desse områda skal vere nokolunde einsarta med omsyn til busetnad, vegstandard, landskapstype og liknande. Verdiar i landskapsbilete skal skildrast for kvart område. Det skal skildrast kvalitetar sett frå vegen (reiseoppleving), og frå omgjevnadene mot vegen (nær- og fjernverknad). Kartlegginga av dei visuelle verdiane skal brukast som grunnlag for vurdering av verdiar og sårbarhet i landskapsbiletet.

Konsekvensar for samfunn

Det knytter seg stor uvisse til å vurdere samfunnsmessige konsekvensar av eit utbetringsiltak langs Rv13. Dette fordi konsekvensane dreier seg om menneske, mellommenneskelege tilhøve og menneskeskapte institusjonar, og det vil vere uråd å gje eksakte prognosar for korleis desse vil prega, tilpassa seg og/eller reagere på vegutbetringa. Ei utgreiing på dette feltet vil difor i stor grad bli ei drøfting av konsekvensar og avbøtande tiltak.

Transportstandard

Konsekvensutgreiinga skal sjå på forskjellar i reisetid og forventa ulykker for 0-alternativet og for utbetra riksveg. Konsekvensar for regularitet (stenging pga. ras) skal og omtalast.

Reiseliv/turisme

I høve til reiseliv er det to emne som er aktuelle. Det eine er framkomst for turisttrafikken. Det andre er oppleving av landskapsbilete frå vegen, eller landskapet si attraksjonsverd. Konsekvensar for framkomst vert utgreidd under tema transportstandard. Konsekvensar for landskapet si attraksjonsverd vert utgreidd under tema landskapsbilete.

Landbruk

Konsekvensar for landbruk skal omtalast i høve til arealinngrep og endring i driftstilhøve.

Detaljhandel og offentleg tenesteyting

Utgreiinga vil omtale konsekvensar av betra kommunikasjonar i høve offentleg tenesteyting og detaljhandel.

Utbyggingsmønster og bustadutvikling

Utgreiinga vil omtale konsekvensar for bustadmønster av ein utvida bu- og arbeidsmarknad og betre tilgjenge til t.d. kulturtilbod og aktivitetar i regionsenter.

Presentasjon

Konsekvensutgreiinga skal innehalde tydelege kart og geografisk kartfesta informasjon.

Samanlikning og vurdering

Konsekvensutgreiinga skal innehalde ei samanstilling av dei viktigaste konsekvensane ved å utbetre Rv13 gjennom Ullensvang herad. Utgreiinga skal og vise ei samanlikning av konsekvensar ved utbetringstiltak med konsekvensar ved å behalde dagens veg.

Tiltakshavar si tilråding

Tiltakshavar skal med grunnlag i de utgreingar som er gjennomført, komme med ei tilråding til val av utbetringstiltak og premissar for vidare planlegging.